

Oppsummering av arbeidet i utgreiingsgruppa for UKM-Telemark våren 2010.

A. Utvalet har bestått av:

Linda Rognlien	Skien	AU
Sverre Jacobsen	Bø	AU
Silje Hagen/ Åsne Vesaas	Vinje	AU
Pål Berby	Porsgrunn	
Hilda Sørum	Sauherad	
Per-Morten Bergseth	Notodden	
Kjell Stundal	Telemark kulturnettverk	

B. UKM-organisasjon i Telemark.

Hovedutvalet for kultur og identitet i Telemark fylkeskommune gjorde slikt vedtak 20.09.2005:

*Telemark kulturnettverk vert tildelt ansvaret for gjennomføring av Ungdommens kulturmønstring i Telemark- Fylkesmønstringa.
Telemark kulturnettverk har i samråd med kommunane fullmakt til å avgjere kor fylkesmønstringa arrangerast”.*

Styringsgruppa for UKM-Telemark er samansett av ein representant frå kvar kommune (kommuneansvarleg for lokalmønstringa) og ein representant for TKN.

Det er vidare etablert eit arbeidsutval-AU- med tre representantar frå styringsgruppa (ein frå kvar av regionane Vest-Midt/Aust – Sør delen av fylket) samt ein representant frå TKN.

Ansvarleg for økonomi, budsjett, heilårleg planlegging og rapportering til TFK er styret/årsmøtet i TKN. Budsjett og rekneskap vert ført og revidert av TKN og årsmøtet godkjenner rekneskap og budsjett for tiltaket. Vidare har TKN ansvaret for oppstarting av kommunemønstringane, kommunikasjon og samarbeid med kommunane gjennom UKM-kontakten, gjennomføring av fylkesmønstringa og uttaking av innslag, opplegg og gjennomføring for vidareending av innslag som går til landsfinalen (landsmønstringa).

Styringsgruppa i plenum avgjer opplegg og gjennomføring av fylkesmønstringa.

C. Overordna mål for UKM -Telemark.

- ✚ UKM-Telemark skal vere bindeledd mellom UKM-Norge og kommunemønstringane. Ta initiativ til oppstarting av kommunemønstringane og samordne tiltak mellom kommunane.
- ✚ UKM-Telemark skal gjennomføre ei fylkesmønstring for Telemark og peike ut ungdommar som skal representere Telemark på landsmønstringa (UKM-festivalen)
- ✚ Fylkesmønstringa skal gje ungdommane ei tidsmessig og mest muleg profesjonell ramme for arrangementet både når det gjeld lokale, teknisk kvalitet og logistikk.
- ✚ Fylkesmønstringa skal i størst muleg grad vere på ungdommane sine premisser. Ungdommar skal i så stor grad som muleg delta i forarbeidet og sette sitt preg på arrangementet.
- ✚ UKM-Telemark skal organisere og gjennomføre deltaking frå Telemark på landsmønstringa (UKM-festivalen) og andre tiltak som vert bestemt av UKM-Norge.

D. Sentrale problemstillinger i utgreiinga.

- ✚ Utvalet har sett på område av UKM som har størst utviklingspotensiale og som gir størst effekt for ei brei deltaking, stort mangfold og god utvikling av det fagleg innhaldet.
- ✚ Utvalet har sett på om nye ressursar og auka innsats gir størst nytteeffekt ved å satse dei på fylkesplan eller på kommuneplan eller ein kombinasjon av desse..
- ✚ Utvalet har vurdert om mønstringa kan gjennomførast på ein dag.
- ✚ Utvalet har vurdert om det bør vere ei todagars mønstring med overnatting, matservering og tilbod om kurs, workshops o.l.
- ✚ Utvalet har vurdert om mønstringa bør vere stasjonær eller om ein bør tilrettelegge for eit ambulerande opplegg.

E. Nye styrkingstiltak lokalt og/eller regionalt?

- ✚ Bør ein satse på større deltaking lokalt ?
- ✚ Er det viktigare med kvalitativ utvikling enn bredde?
- ✚ Bør det satsast sterkare på skolering, rekruttering og marknadsføring i form av kurs, workshops og opplæringstiltak i td. skule, kulturskule, ungdomsklubbar og frivillige lag?
- ✚ Bør UKM i større grad bli ein heilårleg aktivitet med tiltak utover sjølve mønstringa?
- ✚ Bør ein årleg UKM-turne vere ei prioritert oppgave? (kommune/ fylke)
- ✚ Bør det etablerast URG (Ungdommens Referanse-Gruppe) lokalt og regionalt?

F. Vurderingar og tilrådingar frå utvalet

1. Utviklingspotensialet for UKM i Telemark

I UKM sine retningslinjer vert det framheva at UKM ikkje er ein konkurranse, men ei mønstring som er open for alle ungdommar i alderen 10 - 20 år (13-20 for landsmønstringa) Dei nasjonale retningslinjene gir alle kommunar likt antal deltakarar på fylkesmønstringa og alle fylke har eit likt deltakartal på landsmønstringa. I Telemark har me dei siste åra modifisert denne modellen ved å redusere grunnkvoten litt og auke deltaking frå kommunar etter storleiken på kommunemønstringa. Dette for å stimulere kommunane til å drive aktiv rekruttering og utviklingsarbeid.

Det største utviklingspotensialet, etter utvalet si mening, er difor på kommuneplan der alle som ønskjer det kan få delta. Fylkesmønstringa fungerer primært som uttaking til landsmønstringa og som stimuleringstiltak. Ein einseitig ekstrainsats på fylkesnivå vil ikkje nødvendigvis stimulere fleire ungdommar til å delta eller auke interessa for kunstuttrykka.

Utvalet meiner:

Det er lokalmønstringa som kan ivareta den eigentlege mønstringstanken. Det er her utviklingspotensialet er størst og som vil gje størst effekt i høve økonomisk og menneskeleg innsats. Utvalet meiner det er på kommunenivå at veksten kan og bør komme Det vil vere relativt kostbart å utvide omfanget på fylkesmønstringa. Innsatsen her bør i større grad vere konsentrert om å auke kvaliteten på arrangementet. Utvalet meiner at både regionale og nasjonale ressursar i større grad enn i dag bør kanalisert til lokalnivået.

2. Nye styrkingstiltak lokalt/regionalt

a. Seminar og workshops

Investering i seminar og workshops vil ha størst effekt om dei kjem i forkant av lokalmønstringa. Slike tiltak vil kunne fungere både som marknadsføring av lokalmønstringa, som fagleg påfyll og som inspirasjon. I eit fylke med mange små og mellomstore kommunar vil det vere både ønskeleg og nødvendig at fleire kommunar samarbeider og spleisar på slike tiltak, både for å få deltakarar nok og for å få gjennomført tiltak til ein lågast muleg kostnad både for arrangøren og deltakarane. Slike tiltak bør vere eit spleiselag mellom fylkeskommunen og kommunane.

b. Betre lokale samarbeidsnettverk

For å få engasjert flest muleg av ungdommane til å delta i UKM-lokalmønstringa må ein utnytte og helst samarbeide med lokale aktørar på heile kulturfeltet. Det er viktig at både skuleverk, kulturskule, ungdomsklubbar, paraplyorganisasjonar og frivillige lag får eit nært og aktivt tilhøve til UKM. Alle desse aktørane vil kunne bidra med både marknadsføring, inspirasjon og fagleg bistand i forarbeidet til lokalmønstringa.

c. Fleire lokale oppdrag

Kvart år sender kommunane vidare til fylkesmønstringa innslag med svært høg kvalitet. (20-30 % av deltakarane på lokalmønstringa) Desse er ein stor lokal ressurs for kulturlivet i kommunen og bør brukast meir aktivt enn tilfelle er i dag.

Det kan vere innslag på ulike kulturarrangement, skulekonsertar, speleoppdrag i ungdomsklubben og på ulike institusjonar og ikkje minst delta på konsertarrangement til frivillige lag.

Den lokale UKM-organisasjonen bør utvikle ein plan for aktiv bruk av desse ungdommane og etablere eit formidlingsopplegg til ulike brukarar i kommunen både i offentleg og privat regi.

d. UKM-turné

Telemark kulturnettverk har to år gjennomført ein UKM-turné. Det eine året vart turneen gjennomført som skulekonsertar, den andre gongen var målgruppa ungdomsklubbar.

Tilbakemeldinga var svært positiv og det vert stadig ytra ønske om å gjennomføre turneopplegg. Det optimale tidspunktet vil vere tidleg haust for å skape blest om neste års mønstring og for å få konsertane inn i planane for skuleverk og klubbarbeid.

Ein årleg UKM-turné vil kreve ekstra økonomiske ressursar frå fylkeskommune. Det vil og vere aktuelt å få til eit spleiselag med kommune og lokal arrangør.

e. Fagleg support i sceneframføringane

Utvalet ønskjer å styrke det faglege opplegget kring sceuttrykket ved å engasjere fagleg kompetanse som kan forbetre regionen under sceneframføringa. Det kan vere råd av teknisk eller scenefagleg art og kan gjennomførast både på lokal- og fylkesmønstringa. Tiltaket vil kreve ekstra økonomiske ressursar dersom ikkje arrangøren alt rår over slik kompetanse.

f. **Ungdomsmedverking (URG-grupper) lokalt og regionalt**

På nasjonalt nivå er det etablert ungdomsgruppe som kjem med råd og innspel til styret. Gruppa har fått nemninga URG og står for ungdommens referansegruppe. URG har ein representant i det sentrale styret.

Det er eit ønskje om at alle fylke skal ha ein representant i det sentrale URG systemet. Utvalet ser for seg at alle kommunane opprettar ei ungdomsgruppe som deltar på det lokale arrangementet og som sender representantar til fylkesnivå. Det vil vere både ønskeleg og naturleg at URG får ein rolle i gjennomføringa av fylkesmønstringa og får plass i den regionale styringsgruppa. Ein represent for URG-Telemark får plass i URG –sentralt.

Utvalet meiner:

- a. *Nye tiltak i form av seminar og workshops bør vere eit fast årleg tilbod til alle ungdommar i Telemark og bør gjennomførast før kommunemønstring. Tiltaket bør organiserast for fleire kommunar (region) og vere eit spleiselag mellom fylkeskommune og kommune.*
- b. *Kommunane bør vidareutvikle det lokale samarbeidsnettet for å stimulere ungdommar mellom 10 og 20 år til å delta på UKM.*
- c. *Kommunen bør stimulere til å bruke UKM-deltakarar på mange ulike arenaer og til ulike oppdrag gjennom heile året. Kommunen eller andre instansar bør koordinere slik innsats. Eit liknande tilbod bør utviklast på fylkesnivå for å dekke det regionale behovet.*
- d. *Ein fast årleg UKM-turné rundt om i fylket bør vere eit prioritert neste utviklingssteg. Turéen bør vere eit spleiselag mellom fylkeskommun, kommunane og eventuelt arrangørane.*
- e. *Ei fagleg styrking av sceneframføringane både på kommune- og fylkesmønstringa kan skje ved å engasjere fagpersonar til å delta i regien under lydprøvene.*
- f. *Det vert etablert URG på kommune- og fylkesnivå i Telemark. Styringsgruppa tar stilling til endeleg opplegg.*

3. **Gjennomføring av fylkesmønstringa**

a. **Med eller utan overnatting?**

Hovedmålet med å legge opp til overnatting må vere å skape betre kontakt mellom og bidra til ei sterkare sosialisering av deltakarane. Dersom ein la opp eit stort tilbod til faglege aktivitear ville ein også kunne oppnå ein fagleg gevinst.

På den andre sida vil det legge beslag på økonomiske og menneskeleg ressursar utover det ein brukar i dag. Matsservering vil minimum koste 100 kr. pr. dag/deltakar i råstoff + serveringskostnader. I tillegg kjem overnatting på skule. Dersom alle deltakarar brukar tilbodet vil budsjettet måtte aukast med minimum 60.000 kr. Kommunane må i tillegg stille med min. 2 leiarar begge dagane (UKM stiller krav om ein leiar pr. 10 deltakarar)

b. **Kva skal ledig tid fyllast med?**

Dersom mønstringa skal gå over to dagar må ledig tid (mellom lydprøver og framføringane) fyllast med innhald. Det kan i prinsippet vere fritidsaktivitetar, men helst bør tilbodet vere av fagleg art. Det vil også bety at det må tilretteleggast for eit visst antal kurs, workshops og andre tiltak som vil kreve ekstra økonomi. (ca. 5000 kr. pr. dag/kurshaldar inkl. honorar, reise, diett og min. 10-12 kurs dersom halvparten vel å delta)) Samtidig er det viktig at alle deltakarane får tilstrekkeleg med ro omkring førebuinga til framføringa si, til oppvarming, stemming av instrument og lydprøver. Det vil igjen føre til at det vil bli stor ”gjennomtrekk” på alle kursa og tiltaka.

c. **Frivillig eller obligatorisk frammøte begge dagar?**

For dei som stiller i kategorien scenekunst er det i realiteten obligatorisk frammøte. For film/video og bildande kunst har me ikkje stilt krav om obligatorisk frammøte, då kunstproduktet vert levert inn og kan vurderast utan at kunstnaren er til stades. UKM-Norge stiller nå krav til at deltakarar innan bildande kunst må møte fram for å få kunsten presentert. Utvalet vil vurdere om dette også skal gjelde på fylkesmønstringa eller om me skal opprette andre tiltak.

d. **Lydprøver,**

Opplegget hittil har vore at kommunane stiller samla til lydprøver same dagen som dei har framføring. Kommunar med lang reiseveg har fått lydprøver på ettermiddagen for å unngå lang ventetid, medan kommunar med kort veg har stilt frå morgonen av (kl.08.30) og kan reise heim i staden for å vente.

I samarbeid med lydansvarleg er dette eit opplegg som gjer at alle deltakarane får høve til å bli kjent med teknikken, bli kjent med salen og akustikken. Dei aller fleste som deltar har ikkje opptrådt på denne scenen før. Det å bruke tid på lydgjennomgangen meiner me gir deltakarane ekstra tryggleik. Ein kunne spare tid ved å gå over til ein rein lydsjekk, men ein måtte i så fall nøye vurdere ulempene for deltakarane ved eit slikt opplegg.

Det ville og føre med seg vanskar for konferansierane sin kontakt med gruppene under forarbeidet til fylkesmønstringa. Etter årets mønstring vart deltakarane bedt om å kome med tilbakemelding på ønske om lydprøver eller ikkje. Samtlege svar understreka at lydprøver i dagens omfang var både ønskeleg og nødvendig for å kunne gjennomføre eit arrangement smidig og med høg kvalitet.

e. **Teknisk personell.**

Dei siste 12 åra har me valt å satse på kontinuitet i den tekniske staben. Dette for å sikre at me har god kontroll over arrangementet og at det tekniske opplegget er godt tilpassa ungdommen sine ønsker og behov. Ikkje minst er det viktig å hauste erfaring og stadig forbetre konseptet. Det ville vere vanskeleg med stor utskifting av mannskap.

Me sjekkar regelmessig andre alternativ prismessig for å sikre eit rimeleg økonomisk opplegg.

f. **Skal alle framføringar heldast på ein dag?**

Med dei tidsrammene pr. kommune/deltakar som er innarbeidd i UKM vil framføringane på sjølve mønstringa ta minimum 7 timar. I tillegg kjem klargjering i form av oppvarming, stemming og lydprøver som me hittil har brukt ca. 14 timar på. Utan å redusere tidsbruken på lydprøvene og/eller redusere deltaking frå kommunane er det ikkje muleg å gjennomføre mønstringa på ein dag.

Dersom ein ønskjer at alle deltakarane skal stå på scenen same dagen må mønstringa starte ca. kl. 13.00 og kunne avslutte ca. kl. 20.00. 2. dagen. Alle lydprøvene må då foregå dagen før og i forkant av framføringane. Med eit slikt opplegg må deltakarane møte to dagar eller overnatte frå dag 1 til dag 2.

g. **Satsing på kunstseminar.**

Deltakarar på kunstområdet har ikkje obligatorisk frammøte. Det ville såleis vere muleg å legge opp til kurs, seminar/workshop for denne gruppa utan at det verkar negativt inn på mønstringopplegget.

Det er og fullt muleg å stille krav om obligatorisk frammøte ein av mønstringsdagane ved å tilby eit inspirasjonskurs for alle deltakarane på kunstområdet som eit vilkår for deltaking på fylkesmønstringa. Utvalet er i utgangspunktet skeptisk til obligatorisk frammøte for kunstområdet då den faglege vurderinga skal forholde seg til ein innlevert gjenstand.

h. **Jury.**

Utvalet drøfta opplegget med jury. Det var gode erfaringar med ein jury på rundt 5 medlemmer samansett av både vaksne og ungdommar, fagfolk og amatørar.

i. **Stasjonær eller ambulerande mønstring.**

Sidan 1998 har UKM –Telemark gjennomført alle mønstringane i Gullbring kulturanlegg i Bø

Grunngjevinga for dette valet er at det ligg nokolunde midt i fylket, noko som gjer det muleg å ha både lydprøver og framføring same dag utan å ta natta i bruk til heimreise. Gullbring har dessutan lokale som er godt tilpassa behovet både i storleik, pris og kvalitet.

Andre fylke har vald ulike løysingar tilpassa opplegg for mønstringa, geografi og økonomi.

Ambulerande opplegg vil som regel kreve ekstra økonomiske ressursar for arrangøren til reise, diett og teknisk utstyr til fylkesmønstringa då dei ulike lokala vil kreve ulike tekniske løysingar.

Ambulerande opplegg for fylkesmønstringa ville kunne gi ein god PR-effekt for UKM rundt om i Telemark.

Utvalet meiner:

- a. *Utvalet er positive til å gjennomføre fylkesmønstringa over minimum to døgn med overnatting, matservering og tilbod om kurs. Ei slik omlegging vil kreve ekstra økonomiske ressursar på ca. kr. 100.000 og i tillegg minimum to leiarar frå kvar kommune i same tidsrommet. Utvalet ber styringsgruppa jobbe vidare med denne problemstillinga.*
- b. *Dersom mønstringa skal gjennomførast over to døgn meiner gruppa at det bør tilretteleggast for eit breidt spekter av faglege kurs, workshops som i minst muleg grad hindrar ei fagleg god lydprøve.*
- c. *Deltakar på scenekunst har i realiteten obligatorisk frammøte. Ved utviding til to døgn må styringsgruppa vurdere om frammøte skal vere obligatorisk. Utvalet er skeptisk til å innføre obligatorisk frammøte for kunst og film/video, men ber styringsgruppa vurdere obligatorisk frammøte den eine dagen kombinert med eit kurstilbod.*
- d. *Lydprøven er ein så viktig del av framføringa at den bør halde fram i om lag dagens omfang. Deltakarane på årets fylkesmønstring var einstemmig av same oppfatning*
- e. *Det skal vere rimeleg høg standard på dei tekniske tenestene. Teknisk personell bør ha god kunnskap om UKM-arrangementet og det bør vere ein stabilitet frå år til år slik at ein gjennom erfaring kan forbetre produktet.*
- f. *Med eit opplegg for lydprøver er det ikkje teknisk muleg å gjennomføre mønstringa på ein dag. I så fall måtte ein redusere deltaking frå kommunane til om lag det halve utan at kostnadene med tekniske tenester ville bli vesentleg billigare. Utvalet frarår ei slik løysing.*
- g. *Det er unaturleg å kreve obligatorisk frammøte for film/ video og kunst. Dersom styringsgruppa ønskjer eit slikt grep bør den kombinerast med eit kurstilbod som er relevant for desse gruppene.*
- h. *Opplegget for jury er akseptabelt slik det vert praktisert i dag. Utvalet vil understreke at juryen både lokalt og regionalt skal vere samansett av både fagutdanna personar og ungdommar.*
- i. *Utvalet er positive til å gjere forsøk med ambulerande fylkesmønstringar, men vil avgrense opplegget til regionale kulturhus. Det vert understreka at arenaen for fylkesmønstringa skal ha ein kvalitet på sal, scene og oppvarmingsrom og ein storleik som passar arrangementet. Det er og viktig at leigekostnader og inntektpotensiale er i samsvar med tildelte økonomiske ressursar (budsjett).*

Kjell Stundal / ref.